

MØTEPROTOKOLL

Ungdomsrådet

Dato: 16.01.2014 kl. 16:15

Stad: Skogshorn

Arkivsak: 12/01448

Tilstades: Ingrid Marie Sæther Halbjørhus, Linnea Johansson Thorset, Ingvild Haugo, Brage Sæther Halbjørhus, Anders Lirhus, Hanne Intelhus Markegård, Hanna Juven Gjærde og Håvard Venås

**Møtande
varamedlemer:**

Forfall: Tor Erik Kvinnegard og Mikkel Storeskar

Andre:

Protokollfører: Hilde Storeskar er sekretær for Hemsedal Ungdomsråd

SAKSKART	Side
<p style="text-align: center;">Saker til behandling:</p> <p>1/14 Godkjenning av protokoll frå møtet i ungdomsrådet 5.12.2013 Protokollen frå møtet vart godkjent.</p> <p>2/14 Eventuelt Ingvild og Hanna vil informere på vidaregåande skule vedkomande forskningsprosjektet som no er i gang i Hemsedal. Barn og Unges Samfunnslaboratorium er ein arena der barn og unge er samfunns(ut)forskarar. Dei får veiledning av erfarne samfunnsforskarar.</p> <p>* BUFT (Ungdommens fylkesting i Buskerud). Det kan veljast ein representant og ein vara for å delta på dette. Ungdomane ser nærmare på dette. Bruk facebook!</p> <p>* Merknader til områdeplanen for Trøym sentrum kan sendast skriftleg til kommunen, innan 20. januar 2014. Det kom forslag i den samanheng om at det burde vore fotgjengarfelt mellom Rimi og T-kroken. Det er mykje folk som kryssar vegen akkurat der.</p>	

Ungdomane ynskjer også at det vert gangveg mellom Trøim (Heisområdet) og Tuv. Dei meiner det heller burde vore prioritert enn gangveg mellom Trøim sentrum og Holdebrua.

* Bussen som tidlegare gjekk kl 14.10 frå Gol går ikkje lenger. Dette er no teke opp i Hallingdal Ungdomsråd og vert diskutert regionalt.

Bussen frå Svøo til ungdomsskulen kjem for seint til fyrste skuletime. Det er ikkje bra for klasesituasjonen og stressande for dei som alltid kjem ca fem minutt for seint kvar dag. Den skal egentleg gå kl 8.15, men kjem 8.20.

Dei som tek bussen til Gol kjem for tidleg, men det er kanskje fordi den skal korrespondere vidare. Uansett er det verst for dei som kjem for seint til skuledagen.

* Livsløp skal ha møte 23. januar og ein av sakene (sak 3/14) dreiar seg om det skal vere fire eller fem skuledagar i veka ved Tuv og Ulsåk skule. Håvard som er representant for Livsløp ville gjerne høyre meininga til ungdomane vedkomande dette.

Ungdomane var alle einige om at onsdagsfri var det aller beste alternativet. Alle hugsar det som ein god periode. Dei stilte spørsmål om det er foreldrene eller ungenes beste som ligg til grunn. Det faglege i 1-4 klasse blir det same med 4 dagar i veka og det er sunt og bra for ungene og ha ein skulefri dag i veka.

Det må uansett SFO til for å få kabalen til å gå opp for mange. Det kom innspel på at dei jobba betre når dei hadde noko å glede seg til. Det er viktig å leike og vere med venner i tillegg til skulegang.

* HUR konferansen på Torpomoen vart teke opp att dette møtet også. Etter ein spørjerunde av medlemmane syner det seg at det er få som har mogelegheit til å delta i år. Det er jobbing og andre aktivitetar som gjer at dei ikkje har tid.

* Ingvild er leiar for ungdomsrådet no og saknar veldig tilbakemeldingar og innspel frå dei andre medlemmane. Facebook er ein fin arena som alle brukar mykje uansett. Det er betre for alle partar dersom det kjem klare svar på forespørslar enn ikkje svar i det heile teke.

* Det er viktig at alle går inn på www.altinn.no og ordnar med skattekort/frikort før neste møtegodtgjersle skal utbetalast. Dette for å unngå at det vert trekt 50% skatt.

Hemsedal, 16.01.2014

Ingvild Haugo
Leiar av ungdomsrådet